

Referat elevråd tysdag 17.03.26 kl.11.50-12.50

Til stades: Viktor, Mats, Kristian Elias, Oda, Trygve, Ingveig og Kristin.

Saker:

41. Forms

Rektor stiller elevrådet spørsmåla frå forms skjemaet;

- Kva tid er det lettast å bli motivert? Elevrådsrepresentantane gav uttrykk for at dei vert mest motivert av praktisk arbeid (td. kunst og handverk)
- På kva måte ønsker du å påverka undervisninga du får? Ønske om meir praktisk arbeid, kunne vore med og påverka korleis me gjer ting
- Opplever du at du får nyttige tilbakemeldingar? Elevrådet har ulike ønske, nokre ønsker meir skriftlege tilbakemeldingar (evt lydfil), andre vil ha direkte munnleg beskjed eller kanskje òg med meldingar til foreldra.
- Kva må du gjere for å bli betre i norsk? Øva på å skriva meir, Og med blyant, fokusera, villa arbeida med norsk, lesa meir. Gjera jille ting, hatt f.eks. norsk-leiker. Meir spennande timar.

42. Påsketur

Har klassane forslag eller ønske om kvar me skal gå og korleis me skal gjera på turen i år?

Forslag frå elevrådet;

- Lærarane gøymer seg på morgonen.
- Gå til smokken og koka egg og grilla pølsa. Jilt å bare leike.
- Lærarane gøymer påskeegg til kvar klasse med litt godteri

43. Ballbingen

Det er kome innspel om at det er elevar som ikkje ønsker å vera i ballbingen når det er så mange av dei store, som skyt hardt. Skal me dela opp, slik at dei mindre elevane òg nyttar ballbingen? Det kom ulike forslag frå elevrådsrepresentantane, både om å dela 1.-6 og 7.klasse, dela 1.-4.klasse og 5.-7 klasse og bruka ballbingane nede ved klubbhuset. Etter ei drøfting vart elevrådet einige om at 1.-6.klasse får førsterett på ballbingen i første friminuttet torsdagar, og i matfriminuttet fredagar. Me prøver denne ordninga fram til neste elevråd.

44. Eventuelt

- Olweusundersøkinga

Rektor har fått tilbakemelding etter undersøkinga. Mellom anna har fleire jenter sagt i frå om at dei ikkje har det trygt og greitt på skulen. Rektor føreslår at me lagar ei kort undersøking, der me gjer alle eit kart der dei kan markera kor det skjer ting som ikkje er greitt. Elevrådet støtter forslaget. Me skal gå gjennom tala på undersøkinga meir på neste elevråd. Men, det er viktig å seie at det var veldig mykje bra òg, god trivsel og alle har minst ein ven på skulen!

- Filming

Fekk ikkje filma når det var planlagd, men håper me snart får filma episode 2 og 3.

Neste elevråd 28.04.26

Med helsing

Kristin

Elevrådskontakt